

ÅSERAL KOMMUNE
Gardsvegen 68
4540 ÅSERAL

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 06/01913-71

15.12.2025

Ark.: 326.12

Vedtak i namnesak 2024/211 – Tippin og Brunåsen i Åseral kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fylgjande stadnamn i Åseral kommune:

- **Brunåsen – namn på ås**
- **Tippin – namn på toppen av Brunåsen**

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

Vi har samstundes registrert **Tippin** som namn på ei dagsturhytte, på bakgrunn av ei tidlegare avgjerd i Åseral kommune.

Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Kartverket i samband med at Åseral kommune gav namnet, og skrivemåten, *Tippin* til ei dagsturhytte oppført på toppen av den aktuelle åsen. Namnet Tippin var lokalt eit kjent namn på toppen av åsen, men namnet var ikkje registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR). I SSR fanst både Bronåsknuten og Brunåsen registrert som namn på åsen.

Namnesaka vart reist for å avklare namnebruken for namnet på åsen, og for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk for namnet på åsen og for namnet på toppen av åsen.

Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i SSR frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn.

■ www.kartverket.no

Uttale og skrifttradisjon

Bronåsknuten på økonomisk kartverk frå 1972 og på Norge 1:50 000 frå 2011.

Brunåsen på Norge 1:50 000 frå 1979, 1993 og 2001.

Høyringsvar og tilråding

Kartverket sendte saka til høyring og kunngjering i Åseral kommune i brev datert 21.08.2024, i tråd med § 8 i lova. I brev datert 06.12.2024 har kommunen sendt dei lokale høyringssvara til Språkrådet. Det kom inn ei høyringsfråsegn under høyringa. Etter høyringa har kommunen innhenta ei fråsegn frå Åseral Mållag. Denne blei sendt til Språkrådet 13.01.2025.

Ein privatperson skriv: «I alle år har jeg hørt at området der dagsturhytta står omtales som «Tippin» og mener det er korrekt. Det er navnet vi alltid har brukt. Når det gjelder «Brunåsen» er det området i nordenden av dagens fotballbane hvor det før var en hoppbakke. Når det gjelder «Bronåsknuten» har jeg aldri hørt dette navnet tidligere».

Åseral kommune skriv i oversendingsbrevet til Språkrådet: «Vi har tidlegare i saka argumentert for namnet Tippin. Åseral kommune har hatt ein namnekonkurranse på dagsturhytta vår, og det var namnet Tippin som vant denne konkurransen. Den eine fråsegna som er komen inn går og for same namnet saman med ei grunngjeving for dette. Vi ber derfor om at namnet Tippin vert godkjent som namn på dagsturhytta vår».

Åseral Mållag skriv: «Mållaget har tala med innbyggjarar som er busett i Kyrkjebygd, og som har brukt desse namna i sin daglegtale i fleire generasjonar. Dei er samstemde om at uttalen er slik: Brunåsen er namnet på åsen og Tippin er namnet på toppen der dagsturhytta står. Åseral mållag vil difor i sin uttale be om det er desse namna som blir brukt vidare».

Språkrådet tilrår namnevalet og skrivemåten *Brunåsen* for namnet på åsen, og skrivemåten *Tippin* for namnet på toppen av åsen i brev datert 16.01.2025.

Når det gjeld namnebruken for åsnamnet, skriv Språkrådet at det er uvisst kva for form av namnet (med eller utan *-knuten*) som opphaveleg har vore nytta, men at alle fråsegnene viser at det er forma utan etterleddet *-knuten* som er nytta i dag. Dei skriv at forleddet i namnet nok kjem av gammalnorsk *brún*, som tyder 'kant', og tilrår skrivemåten *Brun-*, fordi åsdølmålet normalt har vokalen *-u-* av gammalnorsk *ú*, med diftongering i tradisjonelt mål, og fråsegnene støttar denne uttalen.

Språkrådet viser til at namnet *Tippin* kjem av *tipp*, 'spiss' eller 'ytste del av noko', ein stad ein kan tippe noko utføre'. Dei tilrår bøyingsendinga *-in* på bakgrunn av dei eintydige fråsegnene, og det at denne endinga er nytta i namnet på dagsturhytta tydar på at ho er godt innarbeidd, og viser til at dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn punkt 4.3.3 opnar for å nytte denne endinga når ho er i samsvar med dialektuttalen.

Heile tilrådinga er vedlagt dette brevet.

Kartverket si vurdering

I eit brev som Åseral kommune sendte til Kartverket 02.07.2024, i samband med namngjevinga av dagsturhytta Tippin, skreiv kommunen mellom anna: «Namnet [Tippin] har visst «alltid» blitt brukt på denne toppen. Det er og synt til ein åsdølmål på nå 97 år som alltid har brukt dette namnet på toppen. (...) Namnet kan vel forklarast med at det er der det «tippar» ned til bygda. Tradisjonelt åsdølmål har endinga *-in* i bunden

form av hannkjønnsord, og det kan kanskje forklare namnet «Tippin» Namnet Tippin er altså ikkje eit konstruert namn, men eit namn som har blitt brukt på denne toppen i lange tider».

Språkrådet skriv at *Brunåsknuten* er registrert i Språkrådets registreringsverktøy med merknaden «Retting av skrivemåte». Det kan vere at det var skrivemåten med -o-, *Bronåsknuten*, som var registrert som prioritert skrivemåte i SSR, som ein da meinte var feil, så det er uvisst om namneforma med sisteleddet -*knuten* var kjent.

Høyringsfråsegnene i saka viser altså at det er namna Brunåsen og Tippin som er kjente lokalt. Kartverket er einige med Språkrådet i at det blir rett å registrere namneforma *Brunåsen*, utan leddet -*knuten*, som namn på åsen, og å registrere *Tippin* som namn på toppen av åsen. Vi er òg einige i Språkrådet sine tilrådingar om skrivemåtane *Brunåsen* og *Tippin*. Fråsegnene i saka tydar på at desse skrivemåtane er i samsvar med den lokale uttalen, og dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn punkt 4.3.3 opnar altså for å nytte endinga -*in*, når dette er i samsvar med dialektuttalen.

På denne bakgrunnen fastset Kartverket skrivemåten **Brunåsen**, og registrerer dette som namn på åsen, og vi fastset skrivemåten **Tippin**, og registrerer dette som namn på toppen av åsen.

Kartverket registrerer altså samstundes dagsturhytta **Tippin** i SSR.

Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Kommunen bes også om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Bruken av vedtekne skrivemåtar

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

Klage

Vedtak om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har

rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Kaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Christian Mathiesen
saksbehandlar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: Tilrådinga frå Språkrådet

Kopi til: Språkrådet